

# 1. BEHANDLINGSGEBYR FOR PLANSAKER 2021

Heimel for vedtaket er Plan- og bygningslova, § 33-1.

Gebyrregulativet gjeld for plansaker etter Plan- og bygningslova § 12-11. For behandling av private arealplanar (detaljplan, tomtedelingsplan, endring av tidlegare vedtatt plan) skal det betalast eit saksbehandlingsgebyr og eit arealgebyr.

## 1.1 SAKSBEHANDLINGSGEBYR

For behandling av private planforslag (detaljplan, tomtedelingsplan, endring av tidlegare vedtatt plan, m.m.) skal det betalast eit fast saksbehandlingsgebyr.

1.1.1	Gebyr for private forslag til reguleringsplan, pbl § 12-12	kr 37 320
1.1.2	Endring av reguleringsvedtekter	kr 20 500
1.1.3	Mindre vesentlige reguleringsendringar, pbl § 12-14, 2 ledd	kr 21 850

## 1.2 AREALGEBYR

For private planforslag (både etter pbl §§ 12-12 og -14) skal det betalast eit gebyr avhengig av regulert areal (arealgebyr). Det skal ikkje reknast gebyr for offentleg grøn-/infrastruktur; LNF-føremål; bruk og vern av sjø og vassdrag (SV); tilleggsareal som kommunen har pålagt forslagsstiller å ta med; samt verneområder som hindrar utbygging.

1.2.1	Arealgebyr for detaljert reguleringsplan:	
	Regulert areal inntil 2.000m <sup>2</sup>	kr 48 750
	For kvar påbegynt 1.000m <sup>2</sup> mellom 2.000m <sup>2</sup> og 5.000 m <sup>2</sup>	kr 16 400
	For kvar påbegynt 1.000m <sup>2</sup> mellom 5.000m <sup>2</sup> og 10.000m <sup>2</sup>	kr 14 450
	For kvar påbegynt 1.000m <sup>2</sup> mellom 10.000m <sup>2</sup> og 20.000m <sup>2</sup>	kr 4 700
	For kvar påbegynt 1.000m <sup>2</sup> over 20.000m <sup>2</sup>	kr 3 150
1.2.2	Arealgebyr for reguleringsendringar etter pbl 12-14 er 50 % av satsane i punkt 1.2.1.	

Utgifter til oppstart og annonsering av reguleringsarbeid samt nødvendig kopiering fram til 1. gangs behandling skal betalast av forslagstillar. Arealgebyr skal betalast før plansaka vert lagt ut til offentleg ettersyn. For planar som vert avvist skal gebyret reduserast med 50 %. Planar skal leverast digitalt på SOSI-format i den versjon som kommunen krev. Når det ligg føre særlege grunnar, kan planutvalet, etter grunngjeven søknad vedta redusert gebyr.

### **1.3 DISPENSASJON**

Ved søknad som inneber dispensasjon frå gjeldande plan og som kan avgjerast etter delegasjonsfullmakt, skal det betalast eit gebyr på kr 10 400 pr dispensasjon. For dispensasjon som krev politisk behandling skal det betalast eit gebyr på kr 20 800 pr dispensasjon.

### **1.4 OPPSTARTSMØTE REGULERINGSSAK**

For nærare avklaring av krav/innhald i reguleringsprosessen skal det haldast oppstartsmøte mellom forslagsstillar, kommune og andre aktuelle fagmyndigheiter.

Oppstartsmøte pr møte – kr 6 180.

### **1.5 TREKKING AV PLANFORSLAG**

Ved trekking av planforslag skal forslagsstiller betale ein del av saksbehandlingsgebyret (jf. pkt. 1.1) avhengig av kor langt kommunen har kome i saksarbeidet.

Sak som blir trekt etter påbegynt saksbehandling, men før førstegongsvedtak - 25%.  
Sak som blir trekt etter påbegynt saksbehandling og etter førstegongsvedtak - 75%.